



Det nye soknerådet, med unntak av Tormod Myklebust. Foran sit Gunvor Myklebust (varamedlem), Gunnbjørg Stensletten Eik og Møyfrid Kristoffersen. Bak står, frå venstre, Mette Lauvsnes, Inger Anne Leite, Reidar Myklebust og Sven Harald Nilsen (sokneprest). (Foto: Ola Matti Mathisen),

Det var 1.473 deltakarar på gudstenester i Uskedalen i fjor mot 1.807 året før. Dette går fram av statistikken som vart lagt fram under soknemøtet etter gudtenesta i føremiddag.

Det var 20 gudstenester i 2009 mot 21 i 2008. 6 gudstenester var med nattverd, som året før, og det var 86 nattverdgjester mot 123 året før.

Andre nøkkeltal var desse: Døypte 10 (12), konfirmerte 11 (25), vigslar 7 (2) og gravferder 11 (13).

Årsmeldinga frå soknerådet fortel mellom anna at det har vore dugnad på vasking av kyrkjegjerdet og deler av kyrkja i tre kveldar med gjennomsnittsdeltaking av 5 personar i 4 timar. Det er kjøpt inn 2 nye benkar ute.

Det er vald nytt sokneråd og bestemt å oppretta eit arbeidsutval. Der møter presten, leiar og nestleiar. Dei drøfter aktuelle saker og set opp sakliste for neste soknerådsmøte.

I eit notat skriv sokneprest Sven Harald Nilsen at utifrå sin storleik har soknet bra økonomi og at det vil vera rom for å bruka noko meir pengar enn ein har gjort dei siste åra.

Men det kan sjå ut som om dei kommunale overføringane til kyrkjeleg fellesråd til løner og vedlikehald ikkje vil koma opp på nivå med 2008. Difor må ein truleg drøfta om det finst andre finansieringskjelder for til dømes noko av vedlikehaldet.

Av Ola Matti Mathisen